



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
26/082	Formannskapet	08.09.2026
26/043	Kommunestyret	17.09.2026

Budsjettkontroll 2. kvartal 2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Tilrådinga skal utformast med tanke på handsaming i siste instans, til dømes Hyllestad kommunestyre vedtek ...

Tilrådinga skal vere kortfatta og gjerne systematisk i fleire punkt. Tilrådinga skal innehalde det som er naudsynt og tilstrekkeleg for ei klar og eintydig avgjerd i saka.

Dersom saka har økonomiske konsekvensar skal budsjettdekning gå fram av vedtaket (minimum ansvar og teneste, ev. fond/tilskot..)" OBS Låneopptak skal alltid handsamast i kommunestyret.

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Hyllestad kommune sitt økonomireglement.

KVA GJELD SAKA:

Budsjettkontroll 2. kvartal 2026.

SAKSUTGREIING:

Om kvartalsrapportering frå økonomireglementet:

I løpet av året er det leverast tre kvartalsrapportar til kommunestyret, ved utgangen av mars, juni og august. Det skal rapporterast både på drift og investeringsrekneskapen.

Driftsbudsjettet: Der det er avvik skal det anten setjast i verk tiltak for å nå budsjettbalanse eller så vert det fremja sak om ekstraløyving.

Investeringsprosjekt: Her skal rapporteringa innehalde informasjon om forbruk og framdrift per prosjekt. Dersom prosjekt treng ekstraløyving skal dette fremjast som eiga sak til kommunestyret. Det er den enkelte prosjektleiar som er ansvarleg for rapporteringa. Det vert elles vist til prosjektreglement for oppfølging av prosjekt/investeringar.

Kvartalsrapportane vert lagt fram for kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret.

Driftsbudsjett per 2. kvartal:

I korte trekk kan rapportane for kvar enkelt sektor oppsummerast som følgjer:

Sentraladministrasjonen held fast ved prognosen frå 1. kvartal og melder om balanse for sektoren samla sett. Per 2. kvartal så ligg ein noko over på begge ansvara, men ein vil ha mindre kostnader til økonomisjef og Framsikt siste halvår. Denne innsparinga vil bidra til å balansere drifta på årsbasis.

Oppvekst, kultur og idrett held fast ved prognosen frå 1. kvartal og melder om balanse for sektoren samla sett. Per 2. kvartal så melder sektoren om same usikkerheitsmoment som ved 1. kvartal, og kommenterer at det kan bli naudsynt å be om auka ramme til å dekke uføresette kostnader knytt til drift av skulebygget og individuelt tilrettelagt opplæring (ITO). Sektoren kjem tilbake til det i rapporteringa etter 3. kvartal.

Helse og omsorg melder om balanse samla sett innanfor helsetenestene, medan omsorg varslar eit meirforbruk på 2 mill. i høve 1. kvartal. Helsetenestene signaliserte usikkerheit rundt kostnader til NAV, Barnevern og Flyktningtenesta i 1. kvartalsrapport, no ser det ut som at med tilleggsløyvinga til BV, så vil desse tenestene gå i balanse. For omsorg er bilde eit anna, her styrer ein mot eit relativt stort overforbruk til tross for ekstraløyvinga gitt etter 1. kvartal.

Samfunnsutvikling og teknisk drift melder om eit lite underforbruk samla sett for sektoren. Dette skuldast i hovudsak vakanse innan byggesak og oppmåling. Ein vil kome tilbake med ein talprognose i rapporteringa etter 3. kvartal.

Finansielle føremål (ansvar 900)

Svikt i estimerte havbruksinntekter påverkar heile økonomiplanperioden svært negativt. Høge straumprisar påverkar estimert utbyte frå SFE og Eviny positivt.

Oversikt (alle beløp i 1000 kr.)

Sektor	Budsjettendringar drift 2026	1. kvartal 2026	2. kvartal 2026	2027	2028	2029
Sentraladm.		0				
Oppvekst, kultur og idrett		0				
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 356 flyktningtenesta	500				
	Auke i ramma til ansvar 360 barnevern	1 600				
	Auke i ramma til ansvar 370 institusjonsbygg	610				
	Auke i ramma til ansvar 371 institusjon		1000			
	Auke i ramme til ansvar 375 heimeteneste		1000			
Samfunnsutv og tek tenester		0				
Finansielle føremål	Auke i integreringstilskot (andre statstilskot)	-2 990		-2 160	-1 670	-840
	Reduksjon i Havbruksinntekter		10 000	600	10 700	0
	Auke i utbyte (kraft)		-2 000	-2 000	-2 000	-2000
	Netto endringar	- 280	10 000	- 3 560	7 030	- 2 840

Investering per 2. kvartal

Sentraladministrasjonen melder om at prosjekt Hyllestad kyrkjetårn er godt i gang og at arbeidet truleg blir avslutta i veke 38. Fleire prosjekt er ferdigstilt og det står att å skrive sluttrapport (sjå vedlegg for detaljar).

Oppvekst kultur og idrett melder om at pågåande prosjekt er i rute og at fleire nærmar seg avslutning. et er ingen pågåande prosjekt som ser ut til å gå utover tildelt ramme.

Helse og omsorg

Samfunnsutvikling og tekniske tenester rapporterer på ei lang rekkje prosjekt (sjå vedlegg). Det er relativt mange som er ferdigstilt men manglar sluttrapport. Det er ingen pågåande prosjekt som ser ut til å gå utover tildelt ramme.

Sjukefråvære og HMS:

Hyllestad kommune ligg totalt på eit sjukefråvære på 5,59% hittil i år og 6,52 % siste 12 månader.

Sentraladministrasjonen har svært lågt sjukefråvære så langt i år med 1,19%. Det vart gått vernerunde i vår, resultat vert lagt fram for arbeidsmiljøutvalet. Det er eit ekstra fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet i år, i tillegg til vanlege hms-spørsmål. Det vert registrert stort sett fornøgde medarbeidarar i alle avdelingar innan verneområdet.

Oppvekst, kultur og idrett har eit samla sjukefråvære på 4,57 % Ein har fokus på nærvær, og arbeider målretta med å tilby tilretteleggingar ved sjukemeldingar. Det er gjennomført fleire HMS tiltak i perioden, mellom anna vernerundar, kartlegging av arbeidsmiljø og opplæring innan helse, miljø og tryggleik.

Helse og omsorg har eit fråvære på 8,07% hittil i år. Det er gjennomført vernerundar i alle avdelingar utanom miljøtenestene og administrasjonen.

Samfunnsutvikling og teknisk drift har eit samla fråvære på 4,12 % hittil i år.

VURDERING:

Drift

Nedgang i havbruksinntekter skuldast kort forklart at det er færre grønne område i ordninga med trafikklysmoell for næringa. Dermed blir det mindre rom for å auke MTB (maksimalt tillete biomasse). Det betyr at det er færre tonn MTB til å auksjonere vekk. Det er auksjonsinntekter som gir størst utslag for kommunane sine havbruksinntekter.

I siste estimat (sjå vedlagt notat frå Kontali) så er MTB halvert i høve prognosen som vart sett i fjor. Tidlegare estimat har truffe relativt godt, og det er første året at det blir mindre inntekter enn estimert. Som det går fram av tabellen utgjer nedgangen 10 mill for 2026 og totalt 21,3 mill i økonomiplanperioden. Dette er svært alvorleg for kommunen, og bidreg til at ein krevjande økonomisk situasjon blir endå vanskelegare.

Vi kan håpe at regjeringa føreslår å gi ekstraløyvingar frå grunnrenteprovenyet, men som det går fram av notatet så er utsiktene små for det.

01. september kom første halvårsresultat for SFE. Der kan vi lese at straumprisane har vore over 4 gonger så høge i vårt område (NO3) enn i tilsvarande periode i fjor. Det er det få som er fornøgde med, bortsett frå dei som tener på å selje straum. Det gjer også Hyllestad kommune gjennom utbyte frå SFE og Eviny. Dette resultatet vil gi meir i utbyte enn det vi har budsjettert, så derfor har vi lagt inn ein forventa årleg inntektsauke på 2 mill. i økonomiplanperioden.

Når vi ser på utgiftssida, så må vi slå fast at det er omsorgstenestene som også denne gongen må be om ekstraløyving. Det blir bedd om 1,5 mill til både institusjon og heimetenester, totalt 3 mill. Avviket frå opprinneleg budsjett blir forklart med høgare kostnader til innleige av vikar og forskyvd arbeidstid som igjen utløyser overtid. Det er verdt å merke seg at tenestene brukar svært mykje pengar på overtid og då særers drifta i institusjonen. Leiar kommenterer at det er lønsutgifter som er årsaka til avviket, og at det er gjort fleire grep får å redusere desse, og då spesielt overtidskostnader. T.d. så er det tilsett fleire i faste stillingar, både sjukepleiar, fagarbeidar og assistentar. Det er også utarbeidd ny turnus med langvakter. Det vil gi færre vakansar i helg.

Kommunedirektøren er glad for at fleire er tilsett i faste stillingar og at det er utarbeidd ein turnus som gir eit betre bemanning i helgar. Det er ei forventning at leiar- og organisasjonsprosjektet skal gi uttelling på fleire måtar- også økonomisk.

Etter ei samla vurdering så blir kommunedirektøren si tilråding å løyve 2 mill. til omsorgstenestene, samt innføre innkjøpsstopp for heile organisasjonen. Innkjøpsstopp betyr at berre varer og tenester som er heilt nødvendige kan kjøpast inn, og alle innkjøp over 10000 kr. skal avklarast med kommunalsjef.

Investering

Her er det ingen behov for ekstraløyvingar. Kommunedirektøren er opptatt av at pågåande prosjekt skal ferdigstillast og at det blir levert sluttrapport på prosjekt som er gjennomført.

Investeringsprosjekt som ikkje er igangsett, og som kan ventast med, skal spelast opp til ny politisk vurdering og prioritering.

Kommunedirektøren føreslår følgjande endringar i budsjett og økonomiplanen for 2026-2029:

Sektor	Budsjettendringar drift 2026	1. kvartal 2026	2. kvartal 2026	2027	2028	2029
Sentraladm.		0				
Oppvekst, kultur og idrett		0				
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 356 flyktningtenesta	500				
	Auke i ramma til ansvar 360 barnevern	1 600				
	Auke i ramma til ansvar 370 institusjonsbygg	610				
	Auke i ramma til ansvar 371 institusjon		1000			
	Auke i ramme til ansvar 375 heimeteneste		1000			
Samfunnsutv og tek tenester		0				
Finansielle føremål	Auke i integreringstilskot (andre statstilskot)	-2 990		-2 160	-1 670	-840
	Reduksjon i Havbruksinntekter		10 000	600	10 700	0
	Auke i utbyte (kraft)		-2 000	-2 000	-2 000	-2000
	Netto endringar	- 280	10 000	- 3 560	7 030	- 2 840